



## Notat

Dato: 06.01.2015  
Arkivsak: 2015/120-1  
Saksbehandlar: benutne

---

**Til:** Samferdselsutvalet, Fylkesutvalet

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Fv 209 Storskaret – Arefjord – status per januar 2015

På møtet 19.09.14 i Samferdselsutvalet (RS 101/2014) vart det lagt fram svar på spørsmål frå om status og framdrift for dette prosjektet (brev til Statens vegvesen datert 04.09.14), der det mellom anna gjekk fram at Statens vegvesen rekna med utlysing i oktober/november 2014.

Statens vegvesen har foreslått ei rimelegare løysing i eit nytt planframlegg, der ein kryssar den nye Fv 209 i plan, og hatt dialog med Fjell kommune om dette. Fjell kommune krev at det vert bygd kulvert i samsvar med den godkjente reguleringsplanen. Når nytt Sotrasamband vert bygd må krysset leggjast om, og kulverten vil ikkje ha nokon nytte lenger.

Statens vegvesen har rekna at meirkostnaden for kulverten til 5 mill kr. Utanom kulverten er anslaget 31 mill kr på den midlertidige kryssløysinga mot Rv 555. Dermed blir total ekstrakostnad **36 mill kr** på å byggja vegen no (antatt ferdig 2017), og ikkje samtidig med nytt Sotrasamband.

Dei siste opplysingane frå SVV går ut på at utlysing i Doffin kan skje rundt påsketider 2015, oppstart hausten 2015 og ferdigstilling våren 2017.

Fylkestinget har vedteke at prosjektet skal byggjast no. I tråd med dette forslår fylkesrådmannen oppstart i samsvar med godkjent reguleringsplan, inklusive kulvert og midlertidig kryssløysing.